

# Bykle kommune

Plan og utvikling

## Melding om vedtak

Miljøverndepartementet

Postboks 8013 Dep  
0030 OSLO

Vår ref:  
99/00814 -46

Sakshandsamar:  
Sissel Bakke, ☎ 37938541  
sissel.iren.bakke@bykle.kommune.no

Arkivkode:  
L00 &00

Dato:  
25.11.2003

### Særutskrift: Høyring - NOU 2003:14, Betre kommunal og regional planlegging etter plan- og bygningslova

#### Rådmannen tilrår:

- Bykle kommune meiner det ikkje skal vera høve til fylkesdelplanar for arealbruk som er rettsleg bindande. Om meininga med lovforslaget er å vitalisere lokalt sjølvstyre, meiner Bykle kommune det verkar noko paradoksalt at ein legg opp til ein statleg ventil med rettsleg bindande arealplanar på fylkesnivå.
- Bykle kommune meiner det er bra å stimulere til interkommunalt plansamarbeid. Initiativet til slikt samarbeid må kome får kommunane sjølve og ikkje som eit pålegg frå staten.
- Bykle kommune ser at lovforslaget inneber auka krav til planfagleg kompetanse og kapasitet. For å verkeleg ta dette på alvor bør ein lovfesta kvalifikasjonskrav slik at det vert politisk vilje til å bruke ressursar på kompetanse og fagmiljø innan overordna samfunnsplanlegging. Lovforslaget må følgjast opp ved at kommunane får økonomiske rammevilkår og kompetansetilbod innan planlegging og metode for planlegging, som gjer det mogleg å fylle intensjonane i forslaget.
- Bykle kommune meiner det er bra at lovforslaget seier ein skal driva målretta planarbeid og ikkje meir planarbeid enn naudsynt. Dette håpar ein staten følgjer opp med å ikkje pålegga kommunane plankrav. Det skal vera kommunane sjølv som definerer kva planar dei treng for å løysa viktige samfunnsoppgåver lokalt.
- Bykle kommune tykkjer det er eit godt forslag at kommunane vert pålagt å lage planstrategi. Dette trur kommunen engasjerer sjølvstyret.
- Bykle kommune meiner det er viktig at ein ikkje legg større hindringar i vegen enn naudsynt, i høve til spreidd bustadbygging.

- Bykle kommune meiner det er viktig at ein stiller kompetanse og kvalitetskrav til private planar.

**Behandling i Sektorutval plan og utvikling - 24.11.2003:**

Saka vart drøfta.


**Vedtak i Sektorutval plan og utvikling - 24.11.2003:**

Rådmannen sin tilråding vart samrøystes vedteke.

*Vedtaket kan påklagast til Bykle kommune. Klagefristen er 3 veker reikna frå den dagen då brevet kom fram til påført adressat. Det er tilstrekkelig at klaga er postlagt innanfor fristens utløp.*

*Klaga skal sendast skriftlig til den som har gjort vedtaket. Oppgjev vedtaket det vert klaga over, den eller dei endringer som De ynskjer, og dei grunnar du vil anføre for klaga.*

Med helsing



Sissel Bakke  
Sektorsjef